

Utkast til svar på høyringsutkast frå NVE vedrørande nasjonal ramme for utbygging av vindkraft.

1. Bakgrunn : NVE har sendt ut til høyring plan for nasjonal ramme for utbygging av vindkraft. Planen skal definera dei områda i Noreg som er mest tenlege for utbygging, utifrå tilgjengelege vindressursar samt eksisterande infrastruktur for overføring av produsert kraft. Kvinnherad kommune har kome inn i plan for nasjonal ramme for vindkraft, då det er høvelege vindforhold og infrastruktur er tilgjengeleg for overføring av kraft.
2. Drøfting : Kvinnherad kommune er i dag ein stor produsent av elektrisk kraft, med omfattande vannkraftutbygging frå Juklavatn i nord til Blådalsvassdraget i sør. Kommunen ligg kystnært, med ein topografi som femner om høge fjell og til dels alpine fjellkjeder. I samband med vasskraftutbygginga er det anleggsvegar langt inn i fjella både i nord og sør, og stamnett for høgspenning er godt utbygd. Vermessig har vi mykje vind i høgareliggande delar av fjella, og soleis er det isolert sett gode forhold for produksjon av vindkraft i desse områda.

Fjellhaugen Skisenter driv alpinsenter, ljosløype samt kjører løyper for langrennski i området innover mot Nautavatn og rundt Reikatindane. Området er mykje nytta til rekreasjon, og ein har også mykje frikøyring i området der områder som Ingahogg som ligg i umiddelbar nærleik til skianlegget er særskild populært. Ein ser at skiturismen og ferdsel utanfor anlegget aukar for kvart år, då det er terreng som appellerar til bruk blant friluftsskilever. At anlegget ligg innanfor rimeleg reisetid frå Bergen (2,5 timar), Haugesund (2,5 timar), Stord (1,75 timar) gjer det lett tilgjengeleg for dei som ynskjer å oppleve kva området kan by på av opplevingar og utfordringar. Innbyggjarane i kommunen nyttar området flittig, både på ettermiddager og i helgar. Det er i det heile eit populært skiområde som har stor verdi for brukarane.

Området er gjort tilgjengeleg for allmenn bruk i forbindelse med utbygginga av Blådalsvassdraget, då det vart laga anleggsveg inn i fjellet som igjen utløyste mogelegheita til ny bruk av fjellområda som for mange hadde vore utilgjengelege. Vi kan i så måte takka kraftutbygging for at ein i dag har lett adkomst til skisenteret, som nok ellers aldri hadde eksistert. Det vil alltid vere pluss og minus med utnytting av naturressursar, også ved kraftutbygging. Eit av minusa ein har fått i forbindelse med vasskraftutbygginga er at det ikkje er trygt å ferdest på vatna i vintersesongen. Dette grunna regulering av vatna og strømningsforhold under isen som ein ikkje kan sjå. Det begrensar i stor grad rutevalget når ein skal på tur vintersdagen, då ein må legge desse på fast grunn/ i fjella. Men på den positive sida, så har ein fått tilgang til fjella til rekreasjon og glede.

Dagens tilkomstveg er av anleggstandard breddemessig, men har fast dekke og er ein trygg veg til vårt skisenter. Den gjev lite synleg inngrep i naturen, og følgjer terrenget i størst mogleg grad. Det er eit inngrep som er fullt ut til å leve med, om ein skal vurdere ulempe opp mot nytte. Skal ein bygge ut vindkraft i området, må vegen oppgraderast monalegt for i det heile å kunne få frakta fram komponentar til vindturbinane. Med den topografien vi har, må ein også pårekne store skjeringar, nedskyting av høgder og fylling i søkk. Samt bygging av vegar i område som i dag framstår som urørte. Det vil verte ei stor visuell endring av landskapet, berre med infrastruktur for tilkomst.

For å setje opp vindturbinar i utpeika område vil det medføre ei total endring av landskapet, då store fjellområder må planerast for å ha plass for montering. Landskapet i området er prega av kuperte fjell, til dels bratte fjellsider og mange større og mindre toppar. Desse må jevnast, og området vil tape sin verdi for brukarane visuelt, samt paraktisk. Utifrå dei opplysingar ein har fått frå tilsvarande anlegg er det fare for iskast om vinteren frå turbinblada, og ein må difor ha ei sikkerhetssone på 200-300 m frå turbinane. Det vil isofall medføre at store område vert bandlagte for friluftaktivitet vinterstid. Dette i kombinasjon med regulerte vatn vil gjere området til lite eigna for rekreasjon, då ein ikkje kan gå hverken på toppane eller vatna. Skisenteret, slik det ligg i dag kan likevel framleis driva sin aktivitet vidare trygt, men det er nærliggande å tru at kundegrunnlaget vil avta då mange gjerne tek trekket opp for å ta seg ein tur til nærliggande toppar før dei returnerar til Skisenteret.

Med topografien i området vil det måtte lagast nye høgspenlinjer i luft for å overføre produsert kraft frå vindturbinane. Blådalsvassdraget er i dag prega av vasskraftutbygginga, med fleire 22kV linjer i området. Med ei vindkraftutbygging vil det bli endå fleire linjer i området, som vil svekka opplevelsens av å vere ute i fri natur. Det vil venteleg også bli spor i terrenget etter utbygging av linjenett, då terrenget er kupert og vanskeleg framkomeleg for maskinar.

For menneske, dyr, fugleliv og biologisk mangfald vil ei utbygging gje ei varig endring av området, og levevilkår. For menneska vil det verte ei visuell forringing, høyrbar lyd og infralyd vil vere i området, vinterstid vil store område verte bandlagte for ferdsel. For dyreliv vil området verte mindre aktuelt for opphald, då dei unngår område med vindturbinar om moglegt. Kva som er årsaken til dette er det vel ikkje endeleg konkludert med, men innan forskarmiljø vert det hevda at infralyd stressar dei. For fugleliv veit vi frå andre anlegg at vindturbinar tek livet av betydelege mengder fugl kvart år. I området er det mellom anna ørn, som er på lista over truga arter. For det biologiske mangfaldet veit ein at vindturbinar tek livet av insekt, som igjen er levebrød for større artar.

I området er det mange større og mindre vassdrag, og i dei fleste finn ein fisk. Typisk fjellaure og røye. I store delar av det planlagte utbyggingsområdet finn ein fjell med lite vegetasjon, og mykje bart fjell. Ein eventuell lekkasje av smøreolje/hydraulikkolje frå turbinar vil med stor sannsynlighet då havne i vassdraga med dei følger det får for marint liv. Ein veit frå tilsvarande anlegg at oljelekkasjer hender, noko som ikkje er unormalt med maskineri som er under stor belastning utan kontinuerlig tilsyn. Ein lekkasje frå ein einskild turbin som typisk kan innehalda 1600 liter olje vil forringe området for lange tider, og kan potensielt utrydde marint liv i einskilde vassdrag.

3. Konklusjon : Utifrå drøftinga bed Fjellhaugen Skisenter om at området ved Fjellhaugen skisenter og Blådalsvassdraget vert teke ut av nasjonal plan for vindkraftutbygging. Dette av hensyn til kvalitetane i området, bruksverdien sommar og vinter for rekreasjon samt hensyn til dyr, fugl og biologisk mangfald i samsvar med gjeldande regelverk og internasjonale anbefalingar.

For Fjellhaugen Skisenter AS

Øystein Svendsen

Dagleg leiar